


Biletminne frå lanseringa av boka
Anne J Sletto – eit kvinneportrett
på Holms hotell, 7. februar 2015



**Glade bokfolk med boka som vart sleppt som midtpunkt i bildet,
f.v. forfattarane Jørn Øyrehegen Sunde og Eva Almhjell, Anne Karen Sletto, som
designa omslaget og forlagssjef Olav Randen i biblioteket på Holms hotell,
laurdag 7.2.15**



Dr. Holms hotell var Anne J Sletto, mor til Olav Sletto, sin arbeidsplass i meir enn 30 år, og det var her sonen Olav, landskjent forfattar og talar, førde mor si til sætes på fyrste benken, gjennom fullsett sal – mange møtt fram av nysgjerrigkeit for å sjå korleis han, som var gift inn i Brydeslekta, ville behandle henne. Med denne gesten ga han mor si full oppreising for «all liden tort». Så kasta han jakka, og såg at han hadde publikum i si makt. Møtet med mor hans må ha gjort han godt, for han hadde aldri kjent seg så sterk og vakker nokon gong. Alt dette skriv han til kona, Karin (Bryde) i brev etter møtet på Geilo ca. 7.2.1915.

Mor og son sin inntreden vart dramatisert under lanseringa, etter at Olav Randen, Boksmia forlag, hadde ynskt velkommen, og Liv og Jon Lilleslett hadde spela på sine feler. Eva Almhjell var dagens programleiar.

Lanseringa avrunda med signering av bøker for dei som ynskte det.

Medan peisen vermde og steminga inne var lun, og lufta fylt av rik kunnskapsformidling, sang og musikk, sto snøføyka høgt til vers utanfor vindaugo. Takk til dei meir enn 60 frammøtte, som trassa uvêret - og gjekk begeistra heim!

Direktør Gro Odden hadde lagt alt det praktiske godt til rette for eit vellukka arrangement.



Jørn Øyrehaugen Sunde,
professor i rettshistorie UiB



Anne-Grethe Syvertsen, slektsgranskare og leiar i DIS Sande



Eva Almhjell (t.v.) og Vera Karine Sletto



Vera Karine Sletto helsa fra etterkomarane



Liv Lilleslett



Eva Almhjell og Anne Karine Sletto

